

## AVTALE FOR ÅRVIA

**Arild Tresvik / Merethe Rikstad Tresvik (eigarar) og Bergen og omland friluftsråd (leigar)  
har inngått følgjande avtale om bruksservittut:**

1. Eigars stiller på vegne for seg sjølv og seinare eigars sin del av Årvika på gnr.131, bn.19., i Austrheim kommune til rådvelde for BOF som offentleg friluftsområde. Arealet er på ca 15 daa. Leigar skal overføra avtalen til staten ved Miljødirektoratet. Avtalen har verknad frå 01.01.14 og varer i 40 år, til 31.12.53. Arealet er vist på baksida av denne avtalen.
2. Eigars forpliktar seg og seinare eigars til ikkje å oppføra noko form for byggverk, eller til å foreta disposisjonar utover innhaldet i avtalen som kan hindre eller vanskeleggjera bruken av området som offentleg friluftsområde. Tiltak som ikkje inngår i dette punktet, skal avtalast mellom partane.
3. Denne avtalen endrar ikkje eigaren sin rett til jakt, fiske, landslott. Beiteretten vert avgrensa til å gjelde i tidsrommet 1/9 til 31/5. Dei nemte rettane skal utøvast under omsyn til føremålet med arealet. Eigars har under dei same omsyn rett til å avvirke skog i samsvar med Lov om skogbruk av 27. mai 2005, jfr likevel pkt 5. Aktivitet som ikkje inngår i dette punktet, skal avtalast mellom partane.
4. BOF har rett til å rydde vegetasjon og legge til rette for ålmenta sitt friluftsliv. Denne retten gir og hove til, i samråd med grunneigar, å oppføre enkle bygg, anlegg eller innretningar som er naudsynte eller ønskelege for bruk av området til friluftsliv.
5. Ved skogskjøtsel, skogavvirkning og beitebruk skal det takast særleg omsyn til at det eksisterande natur og landskapsbiletet vert ivaretake. Ved skogplanting skal val av treslag skje i samråd med leigar.
6. Som vederlag for denne servittutavtalen vert det ein gong for alle utbetalt kr 5,- pr m<sup>2</sup>. Oppgjerssummen vert utbetalt når pkt 7 i denne avtalen er dokumentert innfridd og avtalen er akseptert for tinglysning.
7. Pengeheftelser og særrettar på gnr. 131/19 skal vike prioritet for denne avtalen som skal ha første prioritet. Leigar dekkar utgiftene med oppretting av avtalen og evt. tinglysning.
8. Dersom Miljødirektoratet løyver midlar til avtalen, kan det tinglysast at området berre kan brukast til friluftsføremål. Andre disposisjonar av området må ha godkjenning frå Miljødirektoratet.
9. Dersom det oppstår tvist om kva dei einskilde punkta i avtalen inneber, skal tvisten avgjerast med bindande verknad av ei voldgiftsnemd på 3 personar. Kvar av partane oppnemmer ein representant, og formann vert oppnemnt av sorensskrivaren i Nordhordland.
10. Før avtalen vert gjeldande må den godkjennast av styret i BOF og av Austrheim kommune
11. Tilkomstveg og parkering vert omhandla i eigen avtale mellom eigars og Austrheim kommune, og vert vedlagt denne avtalen.

Tresvik den 17.12.13

Bergen og omegn er et vakkert område med mange gode naturstoler og god fisk. Her er det også mulig å gjøre en god tur i skogen.

Ariad Tresvik  
Eigar

Tresvik den 17.12.13

Bergen og omegn er et vakkert område med mange gode naturstoler og god fisk. Her er det også mulig å gjøre en god tur i skogen.

Merethe Rihstad Tresvik  
Eigar

Bergen den 6.01.2014

Bergen og omegn er et vakkert område med mange gode naturstoler og god fisk. Her er det også mulig å gjøre en god tur i skogen.

Jeppe Hord

Leigar

